

## Vil behalde konsesjonslova

Regjeringa har foreslått å fjerne konsesjonslova og buplikta på gardsbruk. Sist torsdag gjekk høringsfristen ut. Ifølgje Noregs Bondelag meiner ni at ti kommunar at ein bør behalde konsesjonslova og buplikta. Kommunane meiner blant anna at regelverket er den beste måten å styre arealbruken på. Bortfall vil kunne føre til spekulasjonar med eigedommane og at det blir vanskelegare å rekruttere til næringa. Bø kommune har kome

med høringsuttale og der blir det også peika på at ein fryktar regelendringane kan føre til vanskelegar rekruttering og negativ utvikling i folketalet i distrikta. Kommunen skriv i si uttale at det ikkje fram av høringsnotatet at det å fjerne konsesjonslova vil styrkje den private eigedomsretten eller gi den enkelte bonde større råderett over eigdommen.

## Årsmøte på Gunheim skule

Gvar Røde Kors har årsmøte 26. februar. Møtet blir halde på Gunheim skule, og det er vanlege saker som blir tatt opp. Det er høve til å melde inn saker til styret innan starten av februar månad.



## KOMMUNEREFORMA

# Positive til Midt-Telemark

Ei innbyggjarundersøking tyder på at folk i Sauherad er positive til å slå seg saman med Nome og Bø. Det gjeld også folk frå Akkerhaugen, Nordagutu og Hjuksebø, så vidt det er.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det er Sauherad kommune som har fått gjennomført ei innbyggjarundersøking i samband med debatten som går om kommunesamanslåing. Innbyggjarane blir bedne om å vurdere fem ulike alternativ. Dei skal svare på ein skala frå ein til seks, der ein er svært negativ og seks er svært positiv. I tillegg til Midt-Telemark, Lifjell rundt, Notodden og Sauherad og at Sauherad held fram åleine, var det eit alternativ om å slå saman dei tre Midt-Telemark-kommunane med Skien og nokre andre Grenlands-kommunar.


### Hårfin forskjell

For Akkerhaugen, Nordagutu og Hjuksebø, kalla Sauherad i undersøkinga, er forskjellen hårfin. I den austlege halvdel av kommunen gir alternativet Sauherad og Notodden som ein ny kommune 3,5 på skalaen, det vil seie verken positivt eller negativt.

Sauherad pluss Bø og Nome (Midt-Telemark) får 3,6. Det vil seie ein tidel meir. Det er svært liten forskjell, men prosjektleiar for undersøkinga, Audun Thorstensen, vil likevel seie at det peikar i positiv retning. Han opplyser at ein reknar frå ein til tre for negativ og frå fire til seks for positiv.

### Vil ikkje stå åleine

Ser ein på svarene frå heile kommunen får Midt-Telemark 4,2 på skalaen, det vil seie det blir vurdert som positivt. Ein ny kommune samansett av Sauherad og Notodden skårar 2,9 i Sauherad totalt, medan Lifjell rundt (Bø, Nome, Seljord, Hjartdal, No-



**Midt-Telemark.** Det er berre Midt-Telemark som blir sett på som eit positivt alternativ i Sauherad. Innbyggjarane har rangert alternativa på ein skala frå ein til seks. Ein er svært negativ og seks er svært positiv.

totden og Sauherad) hamnar på 3,1. At Sauherad skal halde fram som sjølvstendig kommune skårar 2,7. Det vil seie at Midt-Telemark er det einaste alternativet som blir sett på som positivt.

### 350 personar intervju

Det er Telemarksforskning som har gjennomført undersøkinga. I tillegg til Thorstensen har Bente W. Sudbø vore med på analyse- og rapporteringsarbeidet.

350 personar er intervjuet av Norstat AS. Spørsmåla er utarbeidd av Telemarksforskning i samarbeid med administrativ og politisk leiing i Sauherad. Thorstensen opplyser at Sauherad kommune ikkje la stor vekt på geografi i undersøkinga, men ein har delt kommunen i to deler med omtrent like mange innbyggjarar, Sauherad, med Akker-

haugen, Hjuksebø og Nordagutu og Nes med Gvarv.

I undersøkinga er det sett på kvar folk handlar, kva kulturtilbod dei brukar og kvar dei kjenner tilhøyrighet til.

### Kommunen skårar svakt

Når ein spør folk om tilhøyrighet får Sauherad ein skår på fire medan Midt-Telemark får 4,2 og Telemark 4,7, seier Thorstensen. Han tykkjer det er litt spesielt at det er så lite tilhøyrighet til kommunen, men trur det kan ha med at det er relativt stor del av innflyttarar i utvalet. 56 prosent av dei som er spurt er ikkje fødte og oppvaksne i Sauherad.

Notodden skårar elles 2,9 på tilhøyrighet medan Lifjell rundt får 3. Det vil seie begge er på den negative sida, men Notodden mest. Tettstaden ein bur får skårar 4,8.

### Handel og kultur

Undersøkinga viser at ni prosent handlar dagleg utanfor kommunen. 35 prosent nokre gonger i veka og 19 prosent kvar veke. Det er Bø som er viktigaste handelsstaden, 53 prosent handlar vanlegvis her om dei ikkje handlar i heimkommunen. 20 prosent svarar Notodden. Det er 16 prosent av dei spurde som arbeider på Notodden og 18 prosent i Bø og kvar ein handlar har ein viss samanheng med arbeidsplass. Elles ser det ut som om dei som jobbar i Bø handlar mest i Bø. Også mange som jobbar i Sauherad handlar i Bø.

66 prosent nyttar seg av kulturtilbod i Bø, medan 30 prosent nyttar seg av tilbod i Notodden.

Innbyggjarane vart også bedne om å vurdere kva dei meiner er regjeringa sitt mål med kommunereforma. Sauheringane trur

det viktigaste målet er å ruste kommunen for framtidige oppgaver og krav. Dessutan å sikre og gjere tenestene til innbyggjarane betre.

### Må sjå lenger framover

– Det er godt at folk er positive til det som er gjort til no, men det er ikkje sagt at det er det som er best for framtida, seier ordførar Hans Sundsvalen.

Han meiner at Midt-Telemark er for lite som ny kommune og meiner at ein må sjå inn i framtida når ein vel kven ein vil slå seg saman med. Ein kan ikkje berre sjå på kva som fungerer i dag.

– Ein ny kommune må fere så sterk og så ha så mange innbyggjarar at ein kan utføre oppgavene på fritt grunnlag, meiner Sundsvalen.